

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Dato: **24.03.2026**

Referanse: **2025/3283**

Dykkar referanse:

Sakshandsamar: Bjørn Inge Midtgård

Søknad om prisjustering av takstane i prosjektet E18 Tvedestrand - Arendal, 2026

Ferde viser til Prop. 86 S (2015–2016) Bompengefinansiering av E18 Tvedestrand – Arendal i Aust-Agder. I proposisjonen står det at: «Takstene forutsettes regulert i samsvar med prisstigningen.» Takstane i bomstasjonane på E18 Tvedestrand – Arendal vart sist prisjusterte 14. mai 2025 med grunnlag i takstvedtak frå 8. april 2025. Ferde legg no opp til å prisjustera takstane med veksten i kpi - indeksen frå februar 2025 til februar 2026. Prisendringa frå februar 2025 til februar 2026 er 2,72 prosent.

Forslag til takstar

Ferde foreslår inga endring av takstane i takstgruppe 1, sidan prisjusteringa er så låg at den ikkje vippar ei krone i takstgruppe 1:

E18 MØRLAND	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Dagens takstar	30 kr.	74 kr.
Framlegg til nye takstar	30 kr.	76 kr.
E18 STØLEN	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Dagens takstar	14 kr.	34 kr.
Framlegg til nye takstar	14 kr.	35 kr.

Takstane er etter tilskott for reduserte bompengetakstar for riksvegar utanfor storbyområda. Takstane er avrunda til nærmaste heile krone. Alle rabatt- og fritaksordningar vert som før -og til ei kvar tid gjeldande takstretningslinjer skal følgjast.

**Vidare prosess**

Ferde legg opp til at takstane kan endrast tidlegast 4-6 veker etter at takstvedtaket er gjort.

Vedlagt følger utrekningsgrunnlaget for takstendringa

Med helsing

Trond Juvik

administrerende direktør

Bjørn Inge Midtgård

myndighetskontakt

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg:

1 Vedleg_utrekningsgrunnlag26_E18

Mottakar(ar):

STATENS VEGVESEN